


Det Kongelige Landbruksdepartement

Postboks 8007 Dep
0030 OSLOVår ref.:
KoSn

Ref.:

Arkiv: V12

Høring på utkast til "forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket".**Kapittel 2. Tilskot til skogkultur**

Forskrifta legg ikkje opp til at det skal gis tilskot til skogplanting og såing som i dag er svært kostnadskrevjande, særleg planting av lauvskog. I vår kommune ville det ha vært formålstenleg at det gis opning for å gi tilskot til slike formål. Ei ordning som overfører mynde til kommunane for å styrke lokaldemokratiet kan ikkje innehalda slike restriksjonar. Da forskrifta vil føra til ein dramatisk nedgang i skogplantinga vil det også føra til framtidig reduksjon i produksjon av volum og kvalitet på skogen i kommunen.

Den økonomiske ramma som blir overført er avgrensa, og her må kommunane få høve til å satse på dei langsiktige investeringane.

Kapittel 3. Tilskot til vegbygging.

Framlegget slik det står kan vi godta, men i høyringsskrivet blir det varsla at det i tildelingsbrevet til fylkesmennene og vidare til kommunane blir lagt ei avgrensing slik at tilskot til vegformål ikkje kan utgjere meir enn maksimalt 50% av tildelt beløp til skogtiltak i den einskilte kommune.

Vi ønskjer i samband med høyringa på ny forskrift å gi nokre merknader til dette.

For vår kommune vil statlege tilskott bli utan noko betydning med ein slik reduksjon. Ein kommune med mange små eigedommar og mange små plantefelt er helt avhengig av statlege virkemidlar for å få bygd ut framtidsretta områdeløysingar. Alternativet er at ein går bort i frå tanken om heilheltsløysingar og velger å imøtekomme enklare vegar for uttak av ved. Eldre små plantefelt med gran vil dermed i lita utstrekning bli drevet ut, men kan ha si nytte med tanke på naturleg foryngelse.

Tilskot til skogsvegar har vore tenlig og forutsigbart for kommunane, og har også bidratt til å sysselsetje mange maskinentreprenørar over tid.

Vi ber med dette om at dagens ordningar for skogplanting og landbruksvegar blir ført vidare.

For Stordal kommune

Charles Tøsse
Ordfører
Kolbjørn Snekvik
Skogbrukssjef